



Korpskos tysdag med Ungt Blod-konserten.

Skulemusikken har til no hatt tre øvingar og det ligg til rette for ein god og spennande sesong. Dirigent Anders Christensen gjev uttrykk for at han er godt fornøgd med oppstarten. I år har han hjelp av hjelpe-dirigert Marius L. Torjusen på øvingane. Bjørn Naterstad har og vore ein god støttespelar og har medverka til den positive starten.



Instruktør Vegard Døssland saman med dei nye kornettistane Frida Nybakk, Martin Y. Røssland og Merethe Myklebust. Thor Inge Døssland fortel at det er fem nye i korpset denne hausten og at dei har kome godt i gang, både musikalsk og sosialt i lagsmiljøet.



Instruktør Birgitte Hjelmeland med dei to nye hornistane Anine Enes og Ann Helen Rød.

Denne veka startar dei og opp med stemmeøving for dei nye musikantane. I dag, onsdag, har Vegard Døssland timar med dei tre kornettistane Merethe Myklebust, Frida Nybakk og Martin Y. Røssland, Torsdag er Birgitte Hjelmeland instruktør for Ann Helen Rød og Anine Enes på horn, Dette er eit nytt tiltak som vil gjera overgangen frå aspirant til korpsmusikant lettare.

- Ønskjer korpsset fleire musikantar?

- Ja, også denne sesongen kunne vi tenkt oss fleire medlemmer. 20 er litt knapt for ein brassbandbesetning. Det krev meir av kvar enkelt medlem, men dette ser dei ut til å løysa fint også i år.

- Og kva står på programmet framover?

- Siste del av øvingstida denne veka vart brukt til å sjå opptak av delar av Ungt Blod-konserten med tilhøyrande kos med frukt, chips, kjeks og saft. Opptaket gjev gode minner og er verkeleg noko å vera stolt av.

Neste helg reiser storparten av medlemmene til Karmøy Brass, som er eit årvisst og populært tiltak. Der vert det og gjensyn med Ung Blod-dirigenten Pål Magne Austnes då mange av uskedalingane er plassert i korpsset han har ansvar for under festivalen.

I tillegg er det og mange dugande instruktørar og musikantane ser fram til eit tettpakka og variert program, seier Døssland.

Av Ola Matti Mathisen